



REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

Dato: Torsdag 30.04.2021 kl 12.00-13.45

Møtestad: Nettmøte

Deltakarar:

Anita Hesthamar, Ole-Jørgen Jondahl, Geir Underhaug, Thore Hopperstad, Trude Rinaldo, Jostein Eitrheim

Til orientering: Linda Hovland, Framtidsfylket.

Agenda:

- 12.00 - 12.30 Framtidsfylket Vestland ein ressurs innan rekruttering for arbeidsgjevarar og kommunar i Vestland fylke
Orientering v/ Linda Hovland dagleg leiar Framtidsfylket
- 12.30 - 15.00 Sakshandsaming

Framtidsfylket:

Linda Hovland orienterte om Framtidsfylket og traineeordningane som dei jobbar med. Framtidsfylket har fokus på m.a.:

- Rekruttering - traineeordningar
- Informasjon om jobbmarknaden og om kvalitetane ved å flytta til og bu i distrikta
- Møta kandidatane ute på studiestadene.
- Gjera oss meir synlege - Framsnakka kommunar og næringsliv
- Skapa vekst og verdiar i heile Vestland
- Formidla kandidatbase og ledige stillingar
- Etablerer no 100%-stilling i Odda

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 01/21 Orientering frå dagleg leiar

- Samarbeidsarena Hardanger-Voss-Sogn

Dagleg leiar orienterte om det nye samarbeidet som omfattar kommunane i Hardangerrådet, Sogn regionråd og Voss herad. Vestland fylkeskommune har utfordra Samarbeidsarena Hardanger-Voss og å oppretta ei felles arbeidsgruppe saman med Sogn. Denne gruppa skal gje fellesinnspel for ønskjer til dimensjonering av utdanningstilbodet for skuleåret 2022/23

- Pågåande aktivitetar/prosjekt i Hardangerrådet.

Det var orientert om desse prosjekta:

- Uncorking rural heritage - Siderprosjekt
- Stride4Stride
- Nasjonalt frukt- og sidersenter

RF-sak 02/21 Interkommunalt samarbeid.

- Status og framdrift

Digi Vestland

Dette prosjektet ligg noko etter opprinneleg tidsplan kva gjeld signering og deltaking frå kommunane. Alle kommunane i Hardangerrådet signaliserer positiv haldning til deltaking, men nokre skal ha saka opp til politisk handsaming.

Klimasamarbeid

Kommunane avventar plangrunnlag før det vert teke stilling til vidare framdrift

Legevaktsamarbeid

Dette samarbeidet inkluderer Voss herad. Dei kommunane som er aktuelle for samarbeidet avventar vidare framdrift.

Miljøretta helsevern

Ullensvang har avtale om sal av denne tenesta til Ulvik og Eidfjord.

Ullensvang tek kontakt med Kvam for drøfting av mogeleg sal også til Kvam.

Personvernombod

Hardangerkommunane ser mot Bergen for kjøp av teneste knytt til personvernombod.

Smittevern

Kommunane nyttar Skjenkekontrollen i Kvam til denne tenesta.

RF-sak 03/21 Orientering frå kvar kommune/herad

- Status Koronasituasjonen
Låge smittetal
Lokale forskrifter har hatt god effekt
Utfordringar ift. enkelte innbyggjarar sine haldningar til smitte/nabofrykt/vaksine/vaksineprioritering

RF-sak 04/21 Plan for framtidig aktivitet i rådmannsforum

- Innleiing v/dagleg leiar
- Drøfting

Denne saka vert utsett til neste møte i rådmannsforum.

Kinsarvik, 30.04.2021

Anita Hesthamar/s
Leiar i Rådmannsforum

Jostein Eitrheim
Sekretær